Voss herad

Styring og analyse

NVE

| Dykkar ref. | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| | 25/10898 - 5 | 18.03.2026 |

# Høyringsuttale frå Voss herad til høyring om mellombels løyve til fråvik frå manøvreringsreglementet for Hamlagrøvatnet

## Saksnr. 202605119

Viser til høyring knytt til Eviny Fornybar AS sin søknad om løyve på inntil 2 vekers forlenga tapping i perioden 15.4.2026-30.4.2026 og fråvik frå krav til sommervasstand ved å fritt kunna regulera dei øvste 2 metrane under HRV (kote 588) i 2 veker i perioden 15.8.2026-1.9.2026.

Vurderinga til Voss herad er at fråviket er naudsynt for å gjennomføra eit viktig arbeid, og at det ikkje vil ha alvorlege konsekvensar for økosystemet i og kring Hamlagrøvatnet, ettersom vatnet allereie er regulert. Voss herad har difor ikkje merknader til at manøvreringsreglementet vert fråvike for den omsøkte perioden.

Me ber om at friluftsorganisasjonar og andre med friluftsinteresser i området også vert høyrde i saka.

Høyringsuttalen er utarbeidd administrativt.

Med venleg helsing

Lina Hamre
Klima- og miljørådgjevar
Tlf: 92429868

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur